



- eit fyrtårn i vest

Dette skjedde 1. halvår 2025



Her kan du lesa om litt av det som har skjedd i Øygarden kommune
det første halvåret 2025.

Tekst og redigering: Vigleik Brekke

Foto: Kjell Andersland, Monica Hovland, Marianne Furheim, Hilde Kristin Egeland, Tom Georg Indrevik,
Liegruppen, Colourbox, Ingvaldsen Film og Foto, Sotra Link og Vigleik Brekke

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Januar

Prioriterte nødvendig helsehjelp



Det kraftige snøveret dei første dagane i det nye året førte til at nokre brukarar av heimetenesta kunne få redusert hjelp.

- På grunn av dei dårlege køyreforholda, er vi nøydde til å ta omsyn til eigen tryggleik hjå dei tilsette, sa assisterande einingsleiar for heimetenesta, Kate Samland Løland.

Motivert til å gå på jobb

Den 14. januar var det invitert til yrkesmesse i Sotra Arena i regi av Sotra Rotary Klubb.

- Eg vil absolutt rå ungdomar til å bli lærling, seier Thea Danielsen som er lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Alle 10. klassingane i Øygarden var inviterte. På desse messene er det gjerne rundt tusen personar som er innom. Biletet viser varaordførar Anita Garlid Johannessen (til høgre), avdelingsleiar for lærlingordninga Linda Haugstad og fagleg leiar Berit Gurine Algrøy (til venstre) saman lærlingar.



Markerte starten av Friluftslivets år



Mange fann vegen til mønstringa på Sotraplassen 18. januar.

Dette var startskotsarrangementet i Øygarden for Friluftslivets år 2025. Friluftslivets år vart markert rundt om i heile landet denne dagen.

- Det er litt kaldt av og til, men det er gøy å vera ute i naturen, seier Birk Holbæk som er Blå Kors-speidar. Ordførar Tom Georg Indrevik (til høgre på biletet) sa at friluftslivsaktivitetar som dette gjev mykje glede for barn og unge.

Stengde delar av Skålevik skule

Den 20. januar vart kommunen gjort kjent med prøveresultat som viser frie asbestfibrar på Skålevik skule (biletet). På bakgrunn av dette vart størstedelen av skulen stengd for bruk frå og med tysdag 21. januar. Frå 22. januar og ut skuleåret fekk fem av trinna på Skålevik skule undervisning på Ulveset skule og Ågotnes skule.



- Vi har tru på godt samarbeid med kommunen



- Øygarden er ingen veslebror samanlikna med kommunar som Askøy og Bergen, sa styremedlem i Sotra og Øygarden Bondelag, Frøydis Haugen på møtet i kommuneplanutvalet 28. januar. Ho presenterte status for landbruket i Øygarden. Innleiingsvis understreka leiar i bondelaget, Sturle Minde, at det er eit sterkt ønske frå landbruket om å ha eit godt samarbeid med Øygarden kommune. Frå venstre; Frøydis Haugen, Svein Otto Jacobsen (utvalsleiar), Terje Strandtun og Sturle Minde.

Februar

Stadfestar vedtak om Bildetangen



Tidleg i februar stadfesta Statsforvaltaren i Rogaland kommunestyrevedtaket i Øygarden om områderegulering for Bildetangen på Bildøyna. Klager frå to organisasjonar og fleire bebuarar vart ikkje tekne til følgje. Planområdet på 410 dekar legg til rette for om lag tre tusen fem hundre bustader og inntil hundre tusen kvadratmeter nytt næringsareal.

- Dette er ei historisk avgjerd og set oss i stand til å byggja vidare mot å skapa det mest attraktive regionssenteret i Skandinavia, sa ordførar Tom Georg Indrevik.

Pilotprosjekt for næstenestesenter

I februar tok Øygarden kommune ved kultursjef Marian Guddal Hansen, prosjektleiar Farshid Amini og utviklingsleiar Kenneth Sangolt imot forskarar som ville sjå nærare på våre innbyggartorg og bibliotek. Øygarden er med i eit pilotprosjekt frå kommunal- og distriktsdepartementet som har som mål å utvikla statlege tenester nærare innbyggjarane. Øygarden kommune får 1,7 millionar kroner til eit pilotprosjekt for næstenestesenter. På biletet ser du også forskarane Bjørn Bråstad og Kristin Reiestad.



Skal delvis erstatta parkeringsplassar

Den 14. februar vedtok kommunestyret at ved bortfall av parkeringskapasitet skal kommunen delvis erstatta nye parkeringsplassar og optimalisera dagens parkeringsareal. Bakgrunnen for saka er at ved bygging av nye heildøgnplassar og Sotrasambandet vert det bortfall av parkeringsplassar på Straume. Det vart også vedteke å arbeida vidare for å etablere seks robustbustader på fire tomter i Øygarden.

Forviklingar og søt musikk



Det var ingenting å seia på stemninga då 10. klassingane på Øygarden ungdomsskule inviterte til første framsyning av «Mor di» i midten av februar.

- Eg har tre moglege fedrar, og så har eg invitert dei alle til bryllaupet, sa «Sofie» som snart skulle stå brud. «Mor di» er den lokale versjonen av Mamma Mia med ei stor mengde ABBA-låtar.

Passerte 40 000 innbyggjarar i 2024

Ved inngangen av 2025 var vi blitt 40 105 innbyggjarar i Øygarden: Det viste nye tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) som vart offentleggjort 20. februar. I løpet av fjoråret auka folketalet med 337 personar, noko som gjev ein vekst på 0,85 prosent. Dette er den lågaste vekstraten sidan vi vart ny kommune i 2020, men er noko høgare enn landet elles (0,8 prosent).



Minus på 37,5 millionar i fjor

Rekneskapen for 2024 viser eit negativt netto driftsresultat på 37,5 millionar kroner. Året før viste rekneskapen ein minus på 19,8 millionar kroner. Kommunedirektør Johnny Brevik (biletet) presenterte rekneskapen i februar. Han sa at samfunnsutviklinga og dyrtida utfordrar kommunen og at årsrekneskapen er eit resultat av dette.

Mars

- Eg er glad i bygda mi



Emma Telle Fjell var ein av 23 elevar i dei tre tidlegare kommunane (Sund, Fjell og Øygarden) som i 2019 presenterte framtidstankane sine om den samanslåtte kommunen, Øygarden. No studerer ho marin teknikk på NTNU i Trondheim. I samband med at nye Øygarden i 2025 har passert fem år, var Emma ein av fire elevar som no fem år etter reflekterte over fem år med den nye kommunen.

- Her er mykje kompetanse

Det var fest i lokala til den ny oppretta eininga, Familiehjelpa, i Blombakkane 2 under den offisielle opninga 12. mars.

- Barnet er i sentrum, men vi må også hjelpa dei som er rundt barnet, sa einingsleiar Annette Henden. Ordførar Tom Georg Indrevik sa at medarbeidarane rettar arbeidet mot dei som ikkje går i demonstrasjonstog.



Sverre Bungum fekk kulturprisen for 2024



- Jo, det var kjekt å få denne prisen. Det sa Sverre Bungum etter at han på kultur- og idrettsgallaen i Øygarden kulturhus fekk kulturprisen for 2024. Denne kvelden vart det delt ut ei rekkje prisar, heider og stipend. Tofterøy KFUK/KFUM fekk frivilligprisen for 2024. Folkehelseprisen gjekk til Jarle Sælensminde. MOT til å glede-prisen gjekk til Emil Jonasdal Johannessen. Populære Sotra United fekk Tilgjengeprisen.

Opna ny innfartsparkeringsplass

I ekte vestlandsver kunne ordførar Tom Georg Indrevik den 24. mars opna den nye innfartsparkeringa på Ågotnes. Den nye parkeringsplassen har ein totalkapasitet på 161 plassar. På biletet frå venstre; fylkesvaraordførar Stian Davies og til høgre; administrerande direktør i Sartor Drange, Arild Bøthun.



Skjermar fleire tiltak



Med 41 røyster vedtok kommunestyret den 27. mars ei rekkje kortsiktige innsparingstiltak på 2025-budsjettet. Vedtaket inneber mellom anna at musikkterapitilbodet, MO-senteret, friskliv og meistring og psykiatrisk dagsenter vert oppretthaldne. - Den siste veka har vi arbeidd på tvers av dei politiske grupperingane. Tida er no å jobba saman. Eg vil takka alle gruppeleiarane for at det vart mogleg å presentera eit fellesframlegg, sa ordføraren.

Klara Skoge 100 år: - Eg likte meg best bak disken

Jubilanten Klara Skoge vart feira med storfamilien på Øygarden lokalmedisinske senter den 29. mars. Den spreke 100-åringen har eit rikt liv å sjå tilbake på. Ho var ein av initiativtakarane til det som i dag er Sartor Storsenter. Ordførar Tom Georg Indrevik overrekte blomar til jubilaranten.



April

Gler seg over nytt ventilasjonsanlegg




Etter mange års ventetid fekk Stranda barnehage ved inngangen til april nytt ventilasjonsanlegg. Barnehagen har også fått ny varmepumpe og nye lys i heile barnehagen.

- Etter tre veker med barnehagedrift i alternative bygg, er det kjekt å vera saman i barnehagen igjen, sa styrar Miriam Haugstad Blomvågnes. Det heile var markert med kake på pauserommet, og feiring og markering i hentetida saman med foreldre.

Sparer ressursar med videostøtte

I april innførte heimetenesta «Digital drop-in sjukepleiar». Ved hjelp av ein eigen app på mobilen vert det sett opp videomøte mellom sjukepleiar på besøk i heimen og sentral sjukepleiar. - Med dette verktøyet kan det i mange tilfelle vera tilstrekkeleg med éin sjukepleiar hjå brukaren, sa avdelingsleiar i sone nord, Vera Lønningen.



Feira sprek 100-åring



Andre påskedag (21. april) fylte Aslaug Alfrida Høyland 100 år. Det var ein opplagt jubilant som feira dagen med familien på Panorama Hotell & Resort dagen før, 20. april. På sjølve dagen var det visitt, med mellom anna besøk av ordførar Tom Georg Indrevik. Aslaug Høyland er verkeleg ei sprek kvinne og bur framleis heime.

Tilrår Øygardsbrua som namn på ny bru

Plan og miljøutvalet (PMU) gjekk på møtet 28. april inn for at namnet på brua mellom fastlandet og Øygarden får namnet Øygardsbrua. Utvalet var samla til møte på måndag. Øygarden kommune skal gje høyringssvar på namnesaka som er reist av Statens vegvesen. Statens vegvesen har føreslått å bruka Sotrabraua som namn på den nye store brua, medan noverande bru, Sotrabraua, får endra namnet til Gamle Sotrabraua.



Midt smørauga



- Vi er svært godt nøgde med plasseringa av hotellet. Det sa hotelldirektør Sølvi Lange etter at ho på tysdag kunne opna dørene til Thon Partner Hotel Straume. Totalt har hotellet 210 sengeplassar. Det var ordførar Tom Georg Indrevik som stod for den offisielle opninga. Han var iført bunad og grunngav det med at han for 24 år sidan opna eit hotell han dreiv i Eidfjord. Hotelldirektør Sølvi Lange seier at det er bra belegg på hotellet allereie og mange har tinga rom for sommaren.

Første helsefremjande skule

Den 30. april vart det markert at Foldnes skule er helsefremjande skule. Formålet med helsefremmande skule er å fremja gode levevanar som verkar positivt på helse, trivsel, utvikling og læring hos elevane.

Mai

Øygarden ungdomsskule gjekk heilt til topps



Det var ein stolt rektor på Øygarden ungdomsskule, Trine Omland, som den 7. mai fekk overreikt ein sjekk på seks tusen kroner for å ha trent mest i kampanjen «Tren med ein kollega». Eininga psykisk helse og rus vart trekt ut blant dei som har trent minst 10 gonger. Gjennom «Jobben gjer frisk» er målet å skapa gode arbeidsmiljø og nærvær på jobb.

Stordugnad på Ågotnes

Over 400 personar frå Ågotnes skule, Skålevik skule og bedrifter var i full sving den 8. mai og samla tonnevis med boss i heile Ågotnes-området. - Samarbeidet med skulen har vore framifrå, sa ein oppglødd Jim Lennert Kvamme i Coast Center Base AS.

- Det må aldri skje igjen

Det var godt oppmøte på dei sju markeringane som vart gjennomførte på frigjerings- og veterandagen i år, 8. mai. - Det er viktig å læra om krigen. Dette må aldri skje igjen, sa Mathias Dale (7. trinn) som saman med Olav Glesnes Mæland (7. trinn) la ned krans på minnestøtta i Telavåg.



Jubla for nytt uteområde



Det var feststemning på Brattholmen skule på den offisielle opninga av det nye uteområdet 14. mai. - Dette er ein plass for heile bygda. Det kryr av ungar her når skulen er slutt, sa rektor Ingvill Kvalsnes Blom. Ordførar Tom Georg Indrevik klippte snora.

Vedtok å byggja ny skule på Skålvika

Kommunestyret vedtok den 15. mai å slå saman Ulveset og Skålevik skular frå skuleåret 2025/2026 og byggja ein ny skule for vestsida på Skålvika. I vedtaket heiter det at drifta vert samla så raskt som praktisk mogleg på Ulveset skule og å starta planlegging av ny skule på Skålvika på arealet som er sett av til offentleg føremål.

Desse er ein viktig ressurs



Fardawsa Dahir Mohamed og Nina Herman er to av dei 12 nye servicemedarbeidarane som sidan 1. mars har vore i jobb på seks helseinstitusjonar i Øygarden. - Vi likar oss godt her på Kvednatunet, seier dei. Servicemedarbeidarane gjennomfører oppgåver som avlastar andre medarbeidarar. Prosjektet "Vår nye ressurs" har ei lengde på to år.

- **Folkehav på Ågotnes** - Dette er heilt rått. Det sa direktør for regionavdelinga i Kreftforeningen, Jacob F. Conradi, då han den 31. mai talte til alle dei frammøtte til Stafett for livet på Ågotnes i strålende vårvær. 93 lag med totalt 2 200 deltakarar melde på for å delta i stafetten fram til dagen etter klokka 12.00. Ifølgje Conradi var dette det største Stafett til livet-arrangementet i Noreg dette året.



Juni

Nynorsksfolket samla i Øygarden



3. og 4. juni arrangerte Nynorsk kommunane (LNK) landsting på Panorama Hotell & Resort. Ordførar Tom Georg Indrevik ønskte velkomen til Øygarden som er verdas mest folkerike nynorskkommune. Det er 14 år sidan det har vore så god oppslutnad om landstinget som i år. Biletet viser kommunalsjef for Oppvekst Marius Sylta saman med skulefolk frå Øygarden som deltok på seminar om nynorsk i skulen.

Peacetu streetart på skulane i Øygarden

Den siste tida har det dukka opp fargerik street art på dei fleste skulane i kommunen. Dette er resultat av at graffitikunstnaren Rodrigo Lisboa har jobba saman med elevar for å dekorera veggjar både inne og ute. Gjennom prosjektet har elevane fått introduksjon til streetart.



Vann Mattemaraton

Fredag 13. juni blei Toftøy skule heidra som vinnar av Mattemaraton 2025. Vandrepokalen som er gitt av Nansensenteret blei delt ut av skulesjef Rune Golf til elevrådet. Alle elevane på Toftøy skule har komne i mål både i matteløypene sine og i å ha fullført aktivitet som svarar til eit maraton.

- Dette vil vi ha



Det var fest i kultursalen på rådhuset på Straume då Treff+ feira 10-årsjubileum 12. juni. - Jo lengre vest du kjem frå, desto flinkare er dei til å syngja, påstod den ivrige deltakaren på Allsong+, Johnny Eide, då han gratulerte med dagen. Etter talane var det konsert og allsong ved Roy Vorland og Inge Glesnes. Biletet viser nokre av aktørane på festen.

Drifta av Northern Lights er i gang

Den 17. og 18. juni vart det markert at prosjektet Langskip er sett i drift. Ordførar Tom Georg Indrevik var med på markeringa. - Dette er historisk. Dette er vårt bidrag for å nå målet i Paris-avtalen, sa han.



Reduserer omfanget av forbod mot tiltak

Kommunestyret vedtok den 19. juni å oppheva mellombels forbod langs trasé for Vestprosess på Harestad og i Svanevågen. Det vart også vedteke eit nytt mellombels forbod mot tiltak langs delar av røyrtaséen til Vestprosess, Troll kondensat og Oseberg transportsystem. Kommunedirektøren og hans folk fekk mykje ros av politikarane for måten saka er behandla på.

Opna kaféen på Fjell festning 28. juni



Frå laurdag 28. juni kunne du kjøpa deg ein kopp kaffi med noko attåt i kanontårnet på Fjell festning. - Folk kjem hit til festningsområdet og vil gjerne koma inn i kaféen, sa Ole Hovland i Sotra og Øygarden forsvarsforening. Kaféen og toalettet vert tilgjengelege for publikum kvar laurdag og sundag i sommar fram til ut i september.

Ny rektor på Øygarden kulturskule

Benjamin Hogstad (43) vart tilsett som ny rektor på kulturskulen. Han tek til i stillinga 1. oktober.